

**Plan- og forvaltningsutvalet si handsaming av sak 24/2023 i møte den 07.06.2023:**

**Handsaming**

**Frå kommunalsjefen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Planprogram for områdereguleringsplan Nestangen vert med heimel i plan- og bygningslova § 4-1, 12-2 og 12-9 vedteke med med følgjande endringar som vert innarbeida i planprogrammet:

1. Redaksjonell endring i planprogrammet under private eigedommar (side 12)
  - a. Jan Arild Jakobsen skal nemnast som intern aktør og ein av dei større grunneigarane i området. Jakobsen vil bli involvert i arbeidet gjennom medverknadsprosessen.
  - b. Setning om TESS vert erstatta med følgjande setning: TESS Møre Eiendom AS eig TESS-bygget, som er forhandlar for varer og tenester for proffmarknad. TESS Sogndal er ein avdeling i TESS Nord AS. TESS Sogndal står for drifta av eigdommen på vegne av TESS Møre Eiendom AS. TESS har festekontrakt på tomta fram til 2044. I festeavtalen inngår det at grunneigar pliktar å gje plass til tilkomstveg på vestsida (g/bnr. 11/5/6) av festearealet, som skal nyttast i drifta av TESS.
  - c. Nestangen Eigedom AS og Nestangen Tomteselskap AS har ikkje same eigar
2. «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024» blir lagt inn i planprogrammet under «Regionale føringar» (side 24).
3. Planprogrammet vert supplert med fylgjande informasjon under kapittel 4 «Konsekvensutgreiing» (side13): Det ikkje utbygde området på Nestangen vart endra frå LNF-føremål til næringsføremål ved rullering av KPA i 2008, og vart konsekvensutgreia for dette føremålet. I samband med rullering av KPA i 2013 blei området på Nestangen sett av til sentrumsføremål, og det vart sett krav om områderegulering for å sikre heilskapleg planlegging og høgare grad av medverknad. Det var ikkje gjort ny konsekvensutgreiing i 2013, berre på ein mindre del (3,8 da) langs fjorden.
4. Redaksjonell endring i planprogram under kapittel 5, "Born og unges interesser" (side 12). Teksten blir noko meir utfyllande. For fullstendig tekst, sjå vedlagt merknadsskjema pkt. 3 under høyringsinstansar.

5. Planprogrammet blir supplert med nytt punkt «Klimatilpassing» under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut». Følgjane tekst vert lagt inn: Klimatilpassing I planarbeidet skal ein avklare mogeleg flaum og skredfare, handsaming av overflatevatn, tilrettelegging for ladestruktur og føringar for materialbruk, energiløysingar og eventuelt byggtekniske løysingar for framtidige bygg.
6. Redaksjonell endring i planprogrammet under punkt «Arkeologi» (side 19). Teksten blir endra til at det må påreknast arkeologiske undersøkingar. For fullstendig tekst, sjå vedlagt merknadsskjema pkt. 3 under høyringsinstansar.
7. I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema som skal greiast ut» , «trafikk» (side 16) supplert med eit nytt kulepunkt: Trafikkanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilete av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skuleveggar og trafikktryggleik.
8. Redaksjonell endring av planprogrammet: «Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg» IS-1693 vert lagt inn under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut», underpunkt «Støy».

### **Avrøysting: samrøystes**

### **Vedtak**

Planprogram for områdereguleringsplan Nestangen vert med heimel i plan- og bygningslova § 4-1, 12-2 og 12-9 vedteke med med følgjande endringar som vert innarbeida i planprogrammet:

1. Redaksjonell endring i planprogrammet under private eigedommar (side 12)
  - a. Jan Arild Jakobsen skal nemnast som intern aktør og ein av dei større grunneigarane i området. Jakobsen vil bli involvert i arbeidet gjennom medverknadsprosessen.
  - b. Setning om TESS vert erstatta med følgjande setning: TESS Møre Eiendom AS eig TESS-bygget, som er forhandlar for varer og tenester for proffmarknad. TESS Sogndal er ein avdeling i TESS Nord AS. TESS Sogndal står for drifta av eigedommen på vegne av TESS Møre Eiendom AS. TESS har festekontrakt på tomta fram til 2044. I festeavtalen inngår det at grunneigar pliktar å gje plass til

tilkomstveg på vestsida (g/bnr. 11/5/6) av festearealet, som skal nyttast i drifta av TESS.

c. Nestangen Eigedom AS og Nestangen Tomteselskap AS har ikkje same eigar

2. «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024» blir lagt inn i planprogrammet under «Regionale føringar» (side 24).

3. Planprogrammet vert supplert med fylgjande informasjon under kapittel 4 «Konsekvensutgreiing» (side13): Det ikkje utbygde området på Nestangen vart endra frå LNF-føremål til næringsføremål ved rullering av KPA i 2008, og vart konsekvensutgreia for dette føremålet. I samband med rullering av KPA i 2013 blei området på Nestangen sett av til sentrumsføremål, og det vart sett krav om områderegulering for å sikre heilskapleg planlegging og høgare grad av medverknad. Det var ikkje gjort ny konsekvensutgreiing i 2013, berre på ein mindre del (3,8 da) langs fjorden.

4. Redaksjonell endring i planprogram under kapittel 5, "Born og unges interesser" (side 12). Teksten blir noko meir utfyllande. For fullstendig tekst, sjå vedlagt merknadsskjema pkt. 3 under høyringsinstansar.

5. Planprogrammet blir supplert med nytt punkt «Klimatilpassing» under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut». Følgjane tekst vert lagt inn: Klimatilpassing I planarbeidet skal ein avklare mogeleg flaum og skredfare, handsaming av overflatevatn, tilrettelegging for ladestruktur og føringar for materialbruk, energiløysingar og eventuelt byggtekniske løysingar for framtidige bygg.

6. Redaksjonell endring i planprogrammet under punkt «Arkeologi» (side 19). Teksten blir endra til at det må påreknast arkeologiske undersøkingar. For fullstendig tekst, sjå vedlagt merknadsskjema pkt. 3 under høyringsinstansar.

7. I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema som skal greiast ut» , «trafikk» (side 16) supplert med eit nytt kulepunkt: Trafikkanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilete av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skuleveggar og trafikktryggleik.

8. Redaksjonell endring av planprogrammet: «Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg» IS-1693 vert lagt inn under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut», underpunkt «Støy».

